

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 26.09.2018
FRÅ Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Økonomidirektør Ola Rye, fagdirektør Christer Bakke Frantzen og HR- og organisasjonsdirektør Berit Berntsen.

SAKA GJELD: **Risikovurdering 2. tertial 2018**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 030/18

STYREMØTE: **03.10.2018**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek risikovurdering per 2. tertial 2018 til etterretning.

Oppsummering

Arbeidet med risikostyring er forankra i SAV gjennom leiarmøte. Alle leiarar har i oppdrag å sjå risikobilete og aktuelle tiltak i samband med sin eigen handlingsplan og på denne måten få tiltaka knytt til aktuelle risikoområde der det er relevant. Gjennom andre tertial i 2018 er det samla risikobilete lite endra.

Fakta

Risikovurdering skal etter regional policy for risikostyring gjerast på føretaksnivå og peike på dei viktigaste risikoområda for føretaket.

Styringsmål 1 «Tal på legemiddelrelaterte skader som kan unngåast i helsetenesta..» har risiko knytt til tilstrekkeleg med prosjekttressursar utan at dette verker inn på drift. Arbeidet med SAV sitt produksjonsstøttesystem har hatt utfordringar med integrasjon mot Meona og er i tertialet re-starta med ny utlysing. Arbeid med innføring av kurveløysinga er vidareført i kvartalet med støtte frå SAV.

Styringsmål 2 «SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning..» har risiko knytt til at nasjonal strategi må utviklast og forankrast i regionane. Styringsmålet har redusert risiko knytt til systematisk gjennomføring av marknadsarbeid og arbeid med kultur for meirsal gjennom dagleg rapportering av nøkkeltal og oppfølging av KPI-ar.

Styringsmål 3 «Legemiddellager skal ikkje gå tom for nødvendige medisinar» har auka risiko i høve til i auke i mangelsituasjonar på legemidlar. Auke i mangelsituasjonar medfører auka ressursbruk både i apoteka og i samarbeidet med mangelsenter og grossist.

Styringsmål 4 «HMS er ein sjølvsgt del av arbeidsdagen...» har redusert risiko knytt til meldekultur og systematisk oppfølging av tiltak men arbeid med tiltak er vidareført frå 1. tertial. Det er gledeleg at tal tilsetteskader er redusert i tertialet.

Det er ikkje teke inn nye eller teke ut risikomoment i tertialet.

Kommentarar

Tiltak i høve til dei identifiserte risikoområda er innarbeid i dei ordinere handlingsplanane i SAV.

Konklusjon

Samla sett er risiko lite endra i andre tertial og alle delmål har risiko på eit nivå som kan handterast.

Vedlegg

1. Risikomatrise SAV 2.tertial 2018